

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: **Haugesund sjukehus**
 Møterom føretaksleing 6.etg.

MØTETIDSPUNKT: **01.04.19 kl. 12.30-16.00**

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Solfrid Borge	Medlem
Hilde Christiansen	Medlem
Kristin Skorpen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Nina Budal	Medlem
Olav Akselsen	Medlem, deltok på telefon
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Åse Berit Rolland	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef

Leiar i brukarutvalet Helse Fonna HF Grete Müller deltok

SAKLISTE

Sak 8/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 9/19	Protokoll frå styremøte 11.01.19	Vedlagt
Sak 10/19	Styret si årsmelding og årsrekneskap for 2018	Vedlagt
Sak 11/19	Internrevisjon av avansert oppgåveplanlegging	Vedlagt
Sak 13/19	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 14/19	Styringsdokument for Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 15/19	Høyring. Kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi	Vedlagt

Lukka møte, jf. Helseføretakslova §26 a, 2. ledd punkt 5		
Sak 17/19	Bygg Haugesund. Månadsrapport	Utsendt

Lukka møte, jf. Helseføretakslova §26 a, 2. ledd punkt 4		
Sak 18/19	Forhandlingsfullmakt for lønnsoppgjeret 2019	Vedlagt

Saker til orientering

Sak 12/19	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 16/19	Eventuelt	
	Skriv og meldingar	Vedlagt
	Styret sitt kvarter	

Sak 8/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Leiar i brukarutvalet skal i innkalling til styremøte stå oppført som observatør til styremøte. Åse Berit Rolland ble ønskt velkommen som nytt styremedlem. Hun fikk utdelt « Styrearbeid i regionale helseforetak» Veileder frå Helsedirektoratet.

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 9/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte 11.01.19

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 11.01.19

Sak 10/19 Styret si årsmelding og årsrekneskap for 2018

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte kort om styret si årsmelding.

Partner, Leder Revisjon Stavanger, Ellen Marie Marvik i BDO AS presenterte oppsummering av årsoppgjøret 2018. Revisor overleverte ei rein revisorberetning 2018 til styreleiar etter vedtak.

Styret og revisor gjennomførte eit lukka møte utan administrasjonen til stades før vedtak av årsrekneskapet.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2018
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av løn og godtgjersle, jamfør note 6 i årsrekneskapen

Sak 11/19 Internrevisjon av avansert oppgåveplanlegging

Oppsummering

Det blei i 2017 gjennomført internrevisjon av avansert oppgåveplanlegging i føretaka i Helse Vest. Revisjonsrapporten blei lagt fram for føretaka i januar 2019.

Avansert oppgåveplanlegging er ein metodikk for å utnytte den kapasiteten vi allereie har. Metodikken og bruk av GAT med overføring av data til mange andre system er eit sentralt element i «Alle møter»-programmet, og har som mål å skape føreseieligheit og ei god fordeling av

oppgåver/vakter for medarbeidarane i Helse Vest. Tre fagområde i kvart føretak blei vald ut for intervju og fordjuping; Ortopedisk avdeling, Kvinneklivikken og Psykisk helsevern.

Revisjonen har vist at sjølv om føretaka har rapportert ei høg bruk av Avansert oppgåveplan har ikkje alle einingane nytta alle elementa i metodikken. Intervjua viser at faktisk bruk varierer mykje, både mellom og internt i føretaka. Dette vanskeliggjer oppnåing av målet i styringsdokumentet 2018 om at planleggingshorisonten for alle einingane til ein kvar tid skal vere mellom seks og ni månader. Det aukar også risikoen for ikkje å lukkast med dei andre ambisjonane som ligg i Alle møter programmet.

Revisjonen tilrår at alle føretaka no intensiverer arbeidet med å innfri styringskrava for Avansert oppgåveplan. Helse Fonna har derfor utarbeidd handlingsplan for dette arbeidet.

Seniorrådgiver i Helse Vest, Haakon Totland, presenterte formål og problemstillingar, hovudkonklusjon, vurderingar og tilrådingar.

Hovudkonklusjonen i denne revisjonsrapporten er at målet i styringsdokument 2018 om at planleggingshorisonten for alle einingar til ein kvar tid skal vere mellom 6 og 9 månader, ikkje ser ut til å ville bli oppfylt i overskodelig framtid.

Det aukar risikoen for ikkje å lukkast med dei store ambisjonane som ligg i Alle møter-programmet.

Tilrådinga er at alle føretaka intensiverer arbeidet med å innfri styringskrava for avansert oppgåveplanlegging

Administrerande direktør informerte om pågåande arbeid og tiltak i organisasjonen.

Styret diskuterte rapporten og gjorde følgjande vedtak:

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tek saka til etterretning og ber administrerande direktør gjennomføre tiltaka i handlingsplanen
2. Styret ber om å få en status på framdrift i løpet av andre halvår 2019

Sak 12/19 Administrerende direktør si orientering

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerende direktør viste til vedlagt notat og informerte om at tilsyn med AMK Haugesund og tilsyn med ambulansestasjonane er lukka.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Oppfølging av tilsyn

Administrerende direktør orienterte om status på ei hending ved Fødeavdelinga Haugesund sjukehus i februar 2018. Hendinga var meldt Helsetilsynet.

4. Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Fonna HF

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

5. Undersøkinga ForBedring 2019 – overordna resultat

Administrerende direktør orienterte. Svarprosenten for Helse Fonna er i år 73%, i 2018 var den 78%. Gjennomsnittskåren i Helse Vest er 76%.

Resultata syner ei lita forbetring i 5 av dei 10 tema. Arbeidsforhold viser størst forbetring, medan oppfølging har størst nedgang i skåre samanlikna med 2018. Elles er det små endringar. Fysisk arbeidsmiljø har same skår som i 2018

6. Opplysningar om pasienttilstand til media

Administrerende direktør orienterte. Helse Fonna har mottatt brev frå redaktørforeningen. Dei har fått utført ei juridisk vurdering av vedtaket i Helse Vest.

Administrerende direktør meldte tre nye punkt til sak «Administrerende direktør si orientering»

7. Informasjon om mediasak.

Administrerende direktør orienterte om saksbehandling i en pasientsak som har vært omtalt i media.

8. Administrerende direktør orienterte om den nye ambulansebåten «Rosedoktoren»

9. Beredskapssenter/interkommunalt samarbeid.

Administerande direktør orienterte om status for planer beredskapssenter og status i forhold til interkommunalt samarbeid. Administrerande direktør planlegg å legge fram sak for styret i styremøtet i mai 2019.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 13/19 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Økonomi

Det økonomiske resultatet for januar og februar er samla om lag 4,6 millionar kroner dårlegare enn budsjett.

Aktivitet

Aktiviteten målt i talet på innleggingar, dagbehandling og poliklinikk har vore lågare enn planlagd i februar.

Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 57 dagar (eigarkrav under 50 dagar innan 2021). Ventetida for ventande var 46 dagar.

Innan somatikken var ventetid for alle behandla pasientar 59 dagar (eigarkrav under 56 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 43 dagar (eigarkrav under 40 dagar), innan rusfeltet 31 dagar (eigarkrav under 30 dagar) og innan BUP-feltet 31 dagar (eigarkrav under 35 dagar).

19 pasientar hadde venta meir enn eitt år i føretaket.

48 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

I februar var det 97 utskrivningsklare pasientar innan somatikk som tilsaman låg 324 dagar i sjukehus i påvente av eit kommunalt tilbod.

Korridorpasientar

3,6 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråværet var 8,1 prosent i februar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

14/19 Styringsdokument for Helse Fonna HF

Oppsummering

Styringsdokument 2019 Helse Fonna HF ble vedteke i føretaksmøte 07.03.19.

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2019. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar styringsdokumentet for Helse Fonna HF 2019 til etterretning.

Sak 15/19 Høyring. Kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi

Oppsummering

Helse Vest fekk i 2016 i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å legge føringar i rapporten Kreftkirurgi i Norge IS-2284 frå Helsedirektoratet til grunn for organisering av kreftkirurgien i Helse Vest. Helsedirektoratet sin rapport gav tilrådingar om kva krav som må stillast til sjukehus for å sikre robuste fagmiljø innan kvart område for kreftkirurgi. Helseføretaka fekk oppdraget i styringsdokumentet for 2017.

Helse Vest valde å sjå på organisering av kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi i same arbeid. Arbeidet blei organisert som eit prosjekt med følgjande mål:

- Foreslå ny funksjonsfordeling for kreftkirurgi i Helse Vest basert på nasjonale føringar
- Tiltak for god utnytting av samla kirurgisk kapasitet i regionen

I prosjektet deltok fagdirektør og ein fagperson frå kvart helseføretak. Frå Helse Fonna deltok fagdirektør Haldis Økland Lier og klinikkoverlege i kirurgisk klinikk, Haugesund sjukehus Helge Espelid. I Helse Fonna har det i prosjektperioden vore ei laust samansett arbeidsgruppe av deltakarar i det regionale prosjektet samt leiarar og overlegar frå dei områda som kan bli råka av ei eventuell ny organisering.

Fagdirektør Haldis Lier presenterte rapporten «Kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi» Det blei informert om bakgrunn for rapporten, mål for arbeidet, fokus for prosjektarbeidet og prosjektet si tilråding innan kreftkirurgi. Det blei og informert om prosessen for arbeidet.

Styret diskuterte innholdet i rapporten og trakk fram moglege konsekvensar angående volum, kompetanse og utdanning. Styret hadde fokus på konstruktiv samhandling med Helse Bergen og Helse Stavanger.

Styret ser på omfanget av saka som komplekst i forhold til kvalitet, utdanning og rekruttering og peiker på viktigheten av å sjå totaliteten i dei endringane som er skissert. Administrerande direktør bekrefta på spørsmål frå styret at det har vore eit godt samarbeid mellom Helse Fonna og Helse Stavanger for å utdanne gastrokirurgar. Styret diskuterte dei utfordringane eventuell flytting av pancreaskirurgi frå Helse Stavanger til Helse Bergen kan gi for utdanning av LIS. Styret ba administrerande direktør rapportere om det oppstår utfordringar som følge av flytting.

Leiar av brukarutvalet i Helse Fonna ønskjer den beste behandlinga for pasientane. Brukarutvalet er kjent med rapporten. Brukarutvalet i Helse Fonna er inviterte til å gi høyringsfråsegn.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF støttar tilrådingane frå prosjektgruppa for kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi.
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør utforme høyringssvar til Helse Vest i tråd med vedtakspunkt 1 og dei føringane som styret ga i møtet

Sak 16/19 Eventuelt

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2019
2. Internrevisjon bygg Helse Bergen
Lenke til dokument:
<https://helse-vest.no/seksjon/styresaker/Documents/2019/06.03.2019/Sak%2002619%20Vedlegg%201%20-%20HVIR%202019%20-%20BUS%201.PDF>
3. Kvalitetskonferansen 2019
4. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Fonna HF 7.mars 2019

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Lukka møte, jf. Helseføretakslova §26 a, 2. ledd punkt 5

Sak 17/19 Bygg Haugesund månadsrapport

Oppsummering

Lukka møte, jf. Helseføretakslova §26 a, 2. ledd punkt 4
Protokoll er lukka

Sak 18/19 Forhandlingsfullmakt for lønnsoppgjeret 2019

Oppsummering

Administrerende direktør vil i denne saka orientere styret om lønnsoppgjeret for 2019, samt be styret om fullmakt til å gjennomføra forhandlingane.

Vedtak [samrøystes]

Administrerende direktør får fullmakt til å føre forhandlingar innanfor den økonomiske ramma som styret gjev.

Styrets kvarter

Ref. Ingebjørg Kismul
01.04.19

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Åse Berit Rolland	Medlem
-------------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------

Olav Akselsen	Medlem
---------------	--------

Kristin Skorpen	Medlem
-----------------	--------